

Fylkesdelplan 1998 - 2001 for biblioteka i Hordaland

"Møteplass for verdier"



INNHALD

FORORD

1. GRUNNLAGET

1.1 "Midt i spenningsfeltet". Vidareføring av bibliotekplanen 1994-1997

1.2 Mandat og oppnemning av saksordførar og arbeidsutval

1.3 Formelle rammer. Aktuelle offentlege dokument

1.4 Funksjons- og oppgåvedeling mellom stat, fylkeskommune og kommune

Kommunenivå

Fylkeskommunalt
nivå

Regionalt statleg
nivå. Privat sektor

Sentralt statleg
nivå

2. ARBEIDET MED PLANEN

Organiseringa

2.2 Prosessen

3. VISJONAR OG UTFORDRINGAR

Samfunnstrendar som utfordrar til nytenking

Viktige bibliotekpolitiske spørsmål

Kan biblioteka i Hordaland svare på
utfordringane?

Fag- og
forskningsbiblioteka

Skulebiblioteka

Folkebiblioteka

4. HANDLINGSPROGRAMMET

Mål

Strategiar

Tiltak - ordna etter strategiar

Tiltak - samla oversyn

VEDLEGG

Vedlegg 1: Deltakarar i planprosessen

Vedlegg 2: Litteraturliste

Vedlegg 3: Forkortingar

Vedlegg 4: Bibliotekstatistikk for Hordaland 1997 (eige hefte)

FORORD

Ved utgangen av 1993 vart den første utgåva av Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland lagt fram. Dette var den første fylkesbibliotekplanen som var laga i Noreg. Planen hadde som motto "Midt i spenningsfeltet" og tok opp utfordringar samfunnsutviklinga hadde stilt biblioteka overfor. Kravet til likeverd og lik rett til kunnskapstilgang som det viktigaste fundamentet for samfunnsdeltaking og personleg utvikling, hadde stilt biblioteka overfor utfordringar som fylkesbibliotekplanen måtte ta opp i seg. Den første fylkesbibliotekplanen vart godt motteken og har vore eit nyttig instrument for Hordaland Fylkeskommune sitt arbeid med utvikling og samordning av bibliotektenestene i fylket.

Arbeidet med den nye planen har vist at det etter fire år var på tide å tenkja gjennom problemstillingane på nytt. Mottoet "Midt i spenningsfeltet" er enda meir sant i dag enn det var for fire år sidan. Samfunnet vårt er inne i ei rivande teknologisk utvikling som er på veg til å få gjennomslag i stor breidde. Ikkje minst i samband med kunnskapsformidling. Bibliotekrommet og skulestova er opna opp og er i dag nesten uten grenser der det er tilgang til den nye teknologien. Utdanning og kompetanseoppbygging er og internasjonalisert. Internett har gjeve den som kan bruke det, tilgang til enorme mengder med informasjon om

dei fleste emne som kan vera aktuelle. Det er derfor klart at biblioteka, som ein viktig kunnskaps- og kulturformidlar, har si høgast prioriterte oppgave i å leggje tilhøva til rette for tilgang for den som etterspør kunnskap og informasjon, uavhengig av kva som har skapt trongen. Det er da og like viktig at biblioteka har ein slik kompetanse at dei kan gi nødvendig opplæring og hjelp til brukarane. Dette krev at kompetansen hjå bibliotekpersonalet må utviklast i takt med innføringa av den nye teknologien. Samspelet mellom biblioteka og næringslivet si utvikling er ein del av dette. Og biblioteka må vera opne langt meir enn no. Men biblioteka må aldri bli så opptekne av teknologien at den aktive kulturformidlar med menneske sentralt kjem i bakgrunnen. Saman med alt det nye som utviklar seg i samfunnet, er kulturutviklinga og prega av negative forhold. Tross alle teknologiske nyvinningar er einsemnd for altfor mange den mest sentrale problemstillinga. Biblioteka som møteplass og initiativtakar i lokalmiljøet er derfor like viktig å prioritera som den nye teknologien. Det er heilskapen i tilbodet som vil gi biblioteka ein sentral plass i samfunnet. Biblioteka bør derfor og ha som målsetting å stimulere til eigen aktivitet og kreativitet.

Det nye omgrepet "Kulturnett Hordaland" som vil bli ein del av "Kulturnett Noreg" er eit spanande utgangspunkt. Det er ei glede for oss som har revidert fylkesdelplanen for biblioteka i Hordaland at Fylkestinget tok signala frå oss så raskt at me alt er i gang med å utvikle "Kulturnett Hordaland". Biblioteka vil vera ein viktig del. Dette vil gi unge som eldre i Hordaland tilgang til kultur- og kunnskapskjelder som aldri tidlegare. Det vil knyte saman personar, institusjonar og organisasjonar i lokalsamfunnet Hordaland på ein ny og spanande måte. Fylkesbiblioteket bør stå sentralt i denne utviklinga og vera ein pådrivar for å få alle med. Saman med kulturstyra og biblioteka i kommunane vil fylkesbiblioteket og kulturavdelinga elles i fylkeskommunen kome til å spele ei større rolle enn hittil. Det er vår von at fylkesdelplanen for biblioteka i Hordaland gir eit godt grunnlag for auka felles innsats for kunnskaps- og anna kulturformidling til innbyggjarane i fylket vårt.

Jørgen Øydvinn

saksordførar

Bergen, februar 1998.

1. GRUNNLAGET

1.1 "Midt i spenningsfeltet". Vidareføring av bibliotekplanen 1994-97

Fylkesdelplanen for biblioteka i Hordaland 1994-97 var den første fylkesdelplanen på dette fagfeltet. Den blei endeleg vedtatt av Miljøverndepartementet i februar 1995. På grunn av den pionerrolla fylkeskommunen i Hordaland tok på seg i samband med planarbeidet, gav Statens bibliotektilsyn økonomisk støtte til planprosessen. Etter at arbeidet var fullført var det også stor interesse for å samle kunnskapar om korleis ein slik plan kunne realiserast med den funksjonsfordelinga som er på bibliotekfeltet i høve til statleg, regionalt og lokalt nivå og i høve til det lov- og regelverket som styrer verksemda. Derfor løyvde Statens bibliotektilsyn i tre år frå 1995 midlar til eit "Iverksetjings- og evalueringsprosjekt" med ein prosjektleiar og styringsgruppe som organisatorisk ramme. Rapport frå prosjektet ligg føre.

Fylkesdelplanen for biblioteka i Hordaland viste seg å vere eit tungt og effektivt verkemiddel i arbeidet med å få til ei samla satsing på bibliotekutvikling i fylket. **Fagleg nettverksbygging og realisering av store tverrfaglege prosjekt på tvers av forvaltningsnivå og sektorgrenser**, er to viktige stikkord i denne samanhengen. Det har også vist seg at Statens bibliotektilsyn har følgd lojalt opp med FOU-midlar til tiltak i planen. Desse løyvingane har på si side utløyst ekstraordinære kommunale og fylkeskommunale midlar til bibliotekutvikling. Universitets- og høgskolebiblioteka har dessutan vore villige til å opne samlingane sine for meir direkte lån til dei kommunale biblioteka for studentar som tek del i desentraliserte utdanningstilbod. På dette viset har Hordaland kome eit langt stykke vidare på vegen mot hovudmålet som seier at dei ulike bibliotektypane i eit konstruktivt samarbeid skal medverke aktivt til at det vert utvikla eit effektivt biblioteknettverk i fylket. I alt blei 22 av dei 29 tiltaka i planen (heilt eller delvis) iverksette innanfor planperioden.

Det er fleire årsaker til at det står att å realisere 7 tiltak:

1. Tiltaka har ikkje vore prioriterte av fylkeskommunen.

Utviklinga innafør dei aktuelle bibliotekfeltene har gått raskare, eller tatt ei anna retning enn det var mogleg å sjå på det tidspunktet planen vart laga.

Det har vore stillstand for nokre tiltak medan det i 1995-97 var drøftingar mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om ny samarbeidsavtale om bibliotekdrift. Ny avtale er no på plass, med verknad frå 01.01.98

I arbeidet med revidering og vidareføring av planen fram mot år 2001 er somme av desse tiltaka drøfta på nytt, og er tatt med i den grad dei passar inn dei måla og strategiane som prosessgruppa har arbeidd seg fram til.

Arbeidet med å utforme ein revidert plan har strekt seg over 1 år. Det har kome mange gode innspel frå både arbeidsutval og prosessgruppe.

1.2 Mandat og oppnemning av saksordførar og arbeidsutval

Komité for kultur og helse tok denne avgjerda 04.03.97 (Sak 23/97):

"Komité for kultur og helse vedtek at Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland

skal rullerast etter det skisserte opplegget frå administrasjonen.

Til saksordførar for planarbeidet vert vald:

Jørgen Øydvin

Til eit arbeidsutval som skal følgje planarbeidet vert valde:

1. Ole Kristian Jørgensen

2. Knut Sjøwall

3. Asbjørn Haugstvedt

Åslaug Lundal Eintveit"

I premissane til vedtaket ligg det at ein skal:

- revidere handlingsprogrammet i Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 1994-1997
- gjennomgå mål og strategiar for at planen skal vere ájour i høve til dei dagsaktuelle utfordringane til bibliotek- og informasjonsfeltet, - med omsyn til
- ny informasjonsteknologi
- dei nye utdanningsreformene
- effektivisering og kvalitetssikring av offentlege tenester
- kompetanseutvikling og fagleg nettverkssamarbeid mellom bibliotek

1.3 Formelle rammer. Aktuelle offentlege dokument

Arbeidet med revisjon av fylkesdelplanen for bibliotek har heimel i fylkeskommunale vedtak

(sjå "mandat") Utgangspunktet for vedtaket er §19 i "Plan og bygningslov" av 14. juni 1985.

Den vedtekne fylkesplanen sine mål og strategiar har vore overordna styringsverky i utforming av planen. I tillegg er "Lov om folkebibliotek" av 20. des. 1985, "Lov om grunnskolen" av 13.juni. 1969 og "Lov om videregående opplæring" av 21. juni 1974 lagde til grunn for planarbeidet. Vidare har innhaldet i ei rekkje fylkeskommunale planar og statlege utgreingar og meldingar gjeve viktige impulsar og vore retningsgjevande i planarbeidet.

I ei eiga liste er alle dei aktuelle dokumenta nemnde. Her skal berre takast med dei viktigaste:

Fylkeskommunale dokument:

Fylkesdelplanen for kultur 1997- 2004 "Tid for kultur"

Helse- og sosialplan. 1997- 20010 Mål og strategiar

Handlingsprogam 1998- 2001 "Det fleirkulturelle Hordaland"

Strategisk næringsplan 1996- 2000

Opplæringsplan 1996- 2008 Vidaregåande opplæring. Høyringsutkast

Plan for utvikling av bibliotektilbodet til for barn og unge i Hordaland 1998-2001 "Kom lat oss finna ein skatt"

Statlege dokument:

NOU: 1997: 25 Ny kompetanse. Grunnlaget for en helhetlig etter- og videreutdanningspolitikk ("Buer-utvalget")


OT prp. Nr. 36 (1996-97) Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)

1.4 Funksjons- og oppgåvedeling mellom stat, fylkeskommune og kommune

I Noreg er det lagt opp til ei funksjonsdeling som legg ansvar for ulike typar bibliotektenester på forskjellige forvaltningsnivå. I planarbeidet har dei fastlagde rammene vore utgangspunktet for strategiar og tiltak. Men arbeidet har synt at den funksjonsdelinga som no vert praktisert, kan gjere det vanskeleg å få nødvendig tyngde og heilskapstenking bak strategi- og politikktutforming innanfor bibliotekfeltet. Oppgåvedeling på forvaltningsnivå og på dei ulike bibliotektypane gir aktørane lojalitetsbindingar til eigarar som har forskjellige mål og prioriteringar for verksemda. Det har derfor vore ei utfordring å finne fram til det som kan definerast som ei felles plattform for utvikling av bibliotekverksemda i fylket. Ei skisse over organisering av norsk bibliotekvesen ser slik ut:

Bibliotek i Noreg - organisasjonsskisse

SENTRALT STATLEG NIVÅ




1.4.1 Kommunenivå

Kommunane har det primære ansvaret for bibliotektilbodet til egne innbyggjarar. Det skal vere eit folkebibliotek i alle kommunar, d.v.s. eitt hovudbibliotek, eventuelt med filialar


FYLKESKOMMUNALT NIVÅ



STATLEG REGIONALT NIVÅ



KOMMUNALT NIVÅ



PRIVAT SEKTOR



og/ eller bokbuss. Drift, eller delar av drifta kan skje i samarbeid med andre kommunar. Nordhordlandsprosjektet i fylket vårt er eit eksempel på eit interkommunalt biblioteksamarbeid på delar av drifta. Grunnskulebiblioteka er også eit kommunalt ansvar.

Det er lovfesta at folke- og skulebibliotek skal ha eit fast organisert samarbeid. I biblioteklova vert det i tillegg slått fast at folkebiblioteka er ledd i eit nasjonalt biblioteksystem- med dei rettane og pliktene som følgjer med dette.

1.4.2 Fylkeskommunalt nivå

Ansvar for skulebibliotek i vidaregåande opplæring og bibliotekteneste i fylkeskommunale helseinstitusjonar ligg hjå fylkeskommunen. Fylkesbiblioteket er ein lovheimla fylkeskommunal institusjon som skal ivareta fjernlånsverksemda i fylket og elles vere ein rådgjevar og koordinator i bibliotekspørsmål i høve til kommunane. Fylkesbiblioteket kan drive direkte utlån frå bokbuss eller bokbåt. I Hordaland driv fylkesbiblioteket direkte utlån med bokbåten "Epos". Denne verksemda er utvida til å inkludere eit allment kulturprogram. Fylkesbiblioteket skal elles skipe til bibliotekfaglege møte og kurs og vere ein støttespelar for statlege styresmakter ved fordeling av statlege midlar og i utgreiings- og planleggingsarbeid.

Det skal vere eit samarbeid mellom fylkesbiblioteket og skulesektoren på fylkeskommunalt og regionalt statleg nivå.

1.4.3 Regionalt statleg nivå. Privat sektor

Fag- og forskingsbiblioteka, og biblioteka i halvoffentleg og privat sektor har ikkje eit slikt samlande ledd på regionalt nivå. Dei er institusjonstilknytte og arbeider i samsvar med institusjonane sine mål og retningslinjer. Arbeidet med fylkesdelplanen for bibliotek i Hordaland har vore eit verkemiddel til å realisere regionale samordningstiltak for desse

bibliotektypene. Gjennomføring av felles opplæringstiltak, større konferansar og ulike typar utviklingsprosjekt på tvers av institusjonsgrensar er gode døme på dette.

1.4.4 Sentralt statleg nivå

På statleg nivå er biblioteka i Noreg knytta til to forskjellige departement (KUF og KD). Statens bibliotektilsyn er eit direktorat under KD og Riksbibliotektilsynet er eit kontor under KUF. Skulebiblioteka har eit tilknytingspunkt i Nasjonalt læremiddelsenter, (KUF).


Det norske nasjonalbiblioteket er under etablering, med ei avdeling i Mo i Rana og ein i Oslo. Oppgåvedeling på dette nivået har gjort at statlege bibliotekinitiativ ofte er lite samordna. Dette har også verka inn på regionalt og lokalt nivå. Særleg i spørsmål som gjeld utvikling av fagleg og teknologisk infrastruktur er det trong for eit meir heilskapleg perspektiv på bruk av verkemiddel og framlegg til løysingar. I premissane til statsbudsjettet for 1998 vert det lagt opp til at Riksbibliotektilsynet og Statens bibliotektilsyn skal samlokaliseras.

Nasjonallibrotekoppgåvene er under utgreiing og skal vurderast i høve til dei andre bibliotekorgana. På sikt er det derfor von om at statlege bibliotekinitiativ kan bli meir samla og med det få ei større slagkraft. Regjeringa har elles varsla at dei vil leggje fram ei eiga stortingsmelding om folkebibliotek.

2. ARBEIDET MED PLANEN

2.1 Organiseringa

Skissa syner korleis planarbeidet har vore styrt og organisert.



2.2 Prosessen

Planen er eit resultat av ein arbeidsprosess som har involvert politikarar og sentrale representantar frå bibliotekmiljøet i Hordaland, på tvers av forvaltningsnivå og faggrensar. Arbeidet med å utforme ein revidert plan har strekt seg over 1 år. Prosessgruppa har hatt i alt 3 samlingar à 1 dag. Arbeidsutvalet har hatt i alt 5 møte. Fylkesbiblioteket har vore sekretariat for planarbeidet. Som det går fram av mandatet har Komité for kultur og helse hatt ansvar for den politiske styringa av arbeidet, og det vart oppnemnd ein saksordførar og politikarar til eit arbeidsutval (AU) som skulle følgje planarbeidet nærare. Til arbeidsutvalet blei det i tillegg oppnemnt representantar frå

Universitetsbiblioteket i Bergen, Høgskolen i Bergen, opplæringsavdelinga i fylkeskommunen og fylkesbiblioteket.

Den politiske styringa av arbeidet og det tette samarbeidet mellom politikarar og fagfolka i AU og i prosessen har vore særskilt vellukka for alle partar, og har ført til betre forståing for biblioteka og dei utfordringane dei står overfor. Den prosessorienterte arbeidsmetodikken som er nytta i utvikling av planen, har ført til at deltakarane har fått eigarskap til måla og tiltaka i planen, utvikla nye faglege nettverk og prosessen har vore kompetansebyggande for alle.

3. VISJONAR OG UTFORDRINGAR

3.1 Samfunnstrendar som utfordrar til nytenking

Biblioteket som samfunnsinstitusjon, som idé og som oppgaveløysar har alltid vore ein spegel på kva syn samfunnet har på ålmenn folkeopplysning. I den dagsaktuelle situasjonen vil det seie at samfunnet sitt kunnskapssyn, kultursyn og vektlegging på informasjonsspreiing verkar inn på biblioteket sin plass i samfunnsbiletet. Derfor vil bibliotekverksemda endre seg i samsvar med stadig nye samfunns mål. Dette representerer ei stor utfordring for aktørane som arbeider innanfor dette feltet til å ha handlingskompetanse i høve til innovasjon, nytenking og leiing.

Noreg i 90-åra representerer eit samfunn der nasjonale og internasjonale utviklingstrendar skapar spenningar mellom tradisjon og fornying, mellom samspel og mangfald og mellom

ansvarsevne og ansvarsløyse. Biblioteka er ikkje åleine om å føle konsekvensane. Dei står overfor samfunnsendringar som har innverknad på sjølve fundamentet for verksemda.

3.2 Viktige bibliotekpolitiske spørsmål

Døme på viktige spørsmål som vert debatterte er: Korleis vil IT-revolusjonen verke inn på tradisjonelle informasjonsvegar og kommunikasjonsmønster? Skal det framleis vere ei offentleg samfunnsoppgåve å formidle informasjon gratis gjennom biblioteka eller skal marknadskreftene få overta? Kva vil endringar innanfor elektronisk publisering av bøker og tidsskrift, digital distribusjon av lyd og bilete og ikkje minst den eksplosjonsarta utbygginga av elektroniske nett ha å seie for biblioteka sine vilkår som folkeopplysningsinstitusjonar? Kva rolle skal biblioteka spele i høve til dei store utdanningsreformene og kravet om livslang læring? Skal biblioteka ta eit større ansvar for å sikre eit konstruktivt samspel mellom nasjonale og internasjonale kulturytringar? Korleis vil biblioteka kunne møte skjerpa krav om effektivisering og kvalitetssikring av offentlege tenester, samstundes som brukaren skal stå i sentrum for tenesteproduksjonen? Kva kan biblioteka medverke til i den verdidebatten den norske regjeringa no har initiert?

3.3 Kan biblioteka i Hordaland svare på utfordringane?

Biblioteka kan ikkje åleine svare på slike spørsmål. Svara må sjåast i samanheng med ein ideologisk og fagleg debatt kring biblioteka si rolle og funksjon i samfunnet. Det er viktig at Hordaland tek del i denne debatten. Prosessarbeidet med fylkesdelplanen har stimulert til engasjementet i spørsmål som gjeld utviklinga i Hordaland, og har gitt ny næring til eit konstruktivt samspel på tvers av forvaltnings- og institusjonsgrenser. Ei rekkje av dei tiltaka som er tatt med i planen, signaliserer at biblioteka skal vere vegvisarar ut til heile den nye informasjonsverda som IT-utviklinga skapar. Likeins legg planen opp til at biblioteka

skal meistre oppgåva som pedagogiske medspelarar for utdanningsinstitusjonar og utdanningssøkjjarar på alle nivå. Kvalitetssikring og effektivisering er to utfordringar som er oppfylte i tiltak som kjem inn under strategiane om struktur, samordning og koordinering av

ressursane i Hordaland - samt styrking av bibliotekkompetansen. Biblioteka som kunnskaps- og inspirasjonskjelde i høve til diskusjon om verdispørsmål er og synleggjort i fleire tiltak.

Det er elles viktig å streke under at eit planarbeid aldri kan gi fullgode svar på korleis biblioteka skal møte utfordringane. Initiativ og utviklingsvilje i stat, fylkeskommune og kommunar - utdanningsinstitusjonar og bibliotek vil vere svært avgjerande for at nye samfunnskrav vert tekne på alvor. Ein overordna strategi vil vere å skape ei god synergi-effekt ut av møtetpunktet mellom statlege styringssignal og dei aktivitetane som veks fram frå grunnplanet med utgangspunkt i brukarkontakt.

Hordaland fylke gir i dag eit svært skiftande og ueinsarta bilete av kva bibliotekverksemd er; frå høgt teknologiserte, spesialiserte og kvalifiserte bibliotektenester formidla gjennom universitets- og høgskolebiblioteka og dei største folkebiblioteka, - til eit ukvalifisert og tilfeldig tilbod gjennom dei minste folke- og skolebibliotekeiningane. Det er framleis eit stort utviklingspotensiale i Hordaland fylke på dette området. Utfordringane varierer i høve til type bibliotek, rammevilkår og kva utviklingsnivå det einkilde bibliotek fungerer på. I det statistiske oversynet som er et vedlegg til planen, vert bibliotekdrifta i Hordaland synleggjort og dokumentert gjennom tal som syner økonomiske rammevilkår, ressursar og aktivitet.

3.3.1 Fag- og forskingsbiblioteka

For fag- og forskingsbiblioteka vil utfordringane i stor grad vere retta mot spørsmål som gjeld opphavsrett, elektronisk publisering og vidareutvikling av kunnskapssystem som integrerer og gjer tilgjengeleg fagleg materiale som er publisert berre i papirform, og/eller i ulike elektroniske former. Når forskarar og studentar i dag kan hente ut store delar av den informasjonen dei treng direkte frå PCen på arbeidsplassen sin, vil fag- og forskingsbiblioteka i større grad enn før bli utfordra på å legitimere funksjonen sin som ein nødvendig fysisk samlingstad for trykt publisert materiale, samstundes som dei i eit tett samarbeid med brukarane utviklar seg som eit integrert kompetanseverktøy i kunnskapsproduksjonen ved studiestaden. I ein slik samanheng vert det ei utfordring å få fram at bibliotekfunksjonen ikkje berre er samlingsoppbygging og organisering, men og kompetanse i det å finne fram til det materialet det vert spurt etter raskt og effektivt. Rettleiingsoppgåver i høve til brukarar som sjølve vil søke etter informasjon vil truleg auke stort i omfang i tilknytning til ei stadig større vektlegging på problembaserte læringsmetodar og ansvar for eiga læring. Fag- og forskingsbiblioteka vil og oppleve eit stadig større press frå vaksne deltids- og fjernundervisningsstudentar som ønskjer ny og betre kompetanse. Det vert i dag lagt meir og meir vekt på verdien av livslang læring. Difor er det viktig å finne fram til samarbeidsordningar som gjer alle dei offentlege biblioteka, på tvers av institusjons- og kommunegrensar, til operative tenestepunkt for denne brukargruppa. Det er i dag 32 fag- og forskingsbibliotek i Hordaland, omlag halvdelen av desse er statlege.

Oppsummering av dei viktigaste utfordringane for fag- og forskingsbiblioteka:

Synleggjering og legitimering av bibliotekfunksjonane

Meir og betre planlagt integrering av biblioteka i kunnskapsproduksjonen

Betne brukaropplæring og brukarkontakt

Vidareutvikling av IT-komptanse og IT-verktøy i takt med IT-utviklinga i samfunnet elles.

Ha oppdaterte kunnskapar om opphavsrett i høve til elektronisk publisering

Gi eit betre og meir tilpassa bibliotektilbod til studentar som tek del i desentraliserte utdanningsopplegg

3.3.2 Skulebiblioteka

Dei store reformene R94 og Gr97 inneber ein pedagogikk som føreset at elevane vert meir aktive og reflekterte i høve til eigen læringsprosess og legg opp til tema- og prosjektarbeid med aukande kompleksitet og omfang på dei ulike årssteg opp gjennom heile skuleløpet. Bibliotektenesta vil vere eit sentralt verkemiddel til å realisere denne pedagogikken. Situasjonen på skulebibliotekområdet i Hordaland er framleis dominert av små løyvingar, mangel på personalressursar, låg kompetanse og dårlege lokale. Eit lyspunkt er at det no er 77 lærarar fordelt på 16 kommunar som har 10.vakttals kurs i skulebibliotekkunnskap. I vidaregåande skule er det 63 lærarar som har gjennomført 5-vektals kurs i skulebibliotekkunnskap. Det er også gledeleg at bibliotektenesta er eit spesielt satsingsområde

(jamfør "Opplæringsplan 1996-2008") I bibliotekplanen 1994-1997 var utvikling av desse skulebiblioteka det største satsingsområde frå fylkeskommunen si side. Langt på veg er planen gjennomført.

Utfordringa som gjeld alle skulebiblioteka er likevel:

Meir kompetanse

Større tidssressurs for bibliotekansvarleg

Meir midlar til mediekjøp og IT-utstyr

Meir medvite og planlagt bruk av biblioteket frå elevane og lærarane si side

3.3.3 Folkebiblioteka

Dei kommunale folkebibliotek er heimla i Lov om folkebibliotek av 20. des. 1985. Lova har vore revidert fleire gonger etter den nye kommunelova, men har i store trekk det same innhaldet som den fekk i 1985. Etter denne lova skal folkebiblioteka ha til oppgåve å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og anna eigna materiale gratis til disposisjon for alle som bur i landet.

Fokus på brukaren er eit viktig særtrekk for biblioteka. Eit brukarorientert bibliotek betyr at tenestene skal spegle dei lokale brukarane sine behov ut frå alderssamansetning i nærmiljøet, skule, yrke, næringsliv og innslag av innbyggjarar med særlege behov ut frå etnisk bakgrunn eller ulike fysiske og psykiske funksjonshemmingar.

Folkebiblioteka i Hordaland har svært ulike utgangspunkt i høve til utfordringar som ligg framfor dei. Vedlagde statistiske oversyn syner at kommunane varierer stort i synet på kor høgt bibliotekverksemda skal prioriterast. Variasjonsbreidda på medieløyvingar, personalressursar og biblioteklokale er synlege prov på dette.

Hausten 1997 var det 18 kommunar i Hordaland med biblioteksjef i mindre enn full stilling. 13 kommunar hadde biblioteksjef utan fagutdanning. Fire kommunar hadde ikkje Internett på folkebiblioteket i det heile, og 19 hadde ikkje internettilgang for publikum.

Arealet på hovudbiblioteka varierer frå 75 m² til 2624m²

Nokre utfordringar for folkebiblioteka:

Heile stillingar

Tilpassa lokale

Utdanna bibliotekarar

Utvida opningstider

Innhald og tilbod i biblioteka

Internettilgang

4. HANDLINGSPROGRAMMET

Mål

Arbeidet med å definere målet har hatt fleire utgangspunkt:

Spørsmålet om i kva grad målet for bibliotekplanen 1994-97 er oppnådd.

Samfunnstrendar, visjonar og utfordringar med eit tidsperspektiv på 4 år frå 1998.

Den dagsaktuelle situasjonen i Hordaland sett samla, og spesielle utfordringar knytta til dei forskjellige bibliotektypane.

Målet som skal styre biblioteka i Hordaland inn i det neste tusenåret har brukaren i sentrum :

Biblioteka i Hordaland skal fungere som eit effektivt og samordna nettverk der brukarane sine behov for formidling og tilrettelegging av informasjon skal stå i sentrum.

Verksemda skal ha høg kvalitet og gi eit tilbod til alle ved å femne om allmenn folkeopplysning, utdanningsretta tenester og kultur.

Strategiar

Det er valt 6 ulike strategiar for å nå målet. Strategiane byggjer både på gode røynsle frå den første planen og på vurderingar av kva nye vegar biblioteka må gå for å passe inn i det biletet målet skisserer:

STRATEGI 1

Utvikle bibliotekstrukturen og samordne bibliotek-, kultur- og kunnskapsressursane i Hordaland med særleg vekt på ny teknologi

STRATEGI 2

Styrkje bibliotekkompetansen hjå bibliotekpersonale, pedagogisk personale og brukarane

STRATEGI 3

Synleggjere biblioteket som viktig tenesteytar i offentleg forvalting, næringsliv, kultur og folkeopplysning.

STRATEGI 4

Styrkje og synleggjere biblioteka som attraktiv møteplass

STRATEGI 5

Aktivisere og vidareutvikle biblioteka i Hordaland som pedagogiske medspelarar i livslang læring for utdanningssøkjarar på alle alderssteg og i alle livssituasjonar

STRATEGI 6

Styrkje og synleggjere biblioteka i Hordaland i nasjonal og internasjonal samanheng

4.3 Tiltak - ordna etter strategiar

Tiltak 1.1 Biblioteknett Hordaland

Tiltak 1.2 Rettleiingsteneste for små fagbibliotek

Tiltak 1.3 Interkommunal barnebibliotekar

Tiltak 2.1 Bibliotek- og informasjonsutdanning på Vestlandet

Tiltak 2.2 Bibliotekopplæring i pedagogisk utdanning

Tiltak 2.3 Bibliotekteneste til små- og mellomstore bedrifter - opplæring

Tiltak 2.4 Kvalitetssikring av skulebibliotek

Tiltak 3.1 Marknads- og profileringskampanje

Tiltak 3.2 Biblioteknett for næringslivet

Tiltak 3.3 Referanseteneste for blinde og svaksynte

Tiltak 3.4 Bibliotekteneste i helseinstitusjonar

Tiltak 3.5 Avtale UBB og Hordaland fylkeskommunen -Det medisinske fakultetsbibliotek

Tiltak 4.1 IT-møteplass

Tiltak 4.2 Det fleirkulturelle biblioteket

Tiltak 4.3 Skjønnlitteraturen - kunnskaps- og inspirasjonskjelde

Tiltak 4.4 Livslang læring

Tiltak 4.5 "Kom lat oss finne ein skatt"

Tiltak 5.1 Fylkeskonferanse om skulebibliotek

Tiltak 5.2 Problembasert læring - skulebibliotek

Tiltak 5.3 Brukaropplæringsprogram

Tiltak 5.4 Bibliotektenester i vidaregåande opplæring - nettverksbygging

Tiltak 5.5 "Bibliotekpedagogikk"

Tiltak 6.1 Internasjonaliserings- og utvekslingsprogram

Tiltak 6.2 Nasjonal bibliotekkonferanse

Biblioteknett Hordaland

Bakgrunn / føremål:

Kulturdepartementet la i september 1997 fram "Handlingsplan for IT på kulturområdet 1997-2001". Planen byggjer først og fremst på departementets rapport "Skape, bevare, formidle" frå oktober 1996. Viktig bakgrunnsmateriale er også rapporten "Den norske IT-veien - bit for bit", framlagd av Statssekretærutvalet for IT i januar 1996. På bakgrunn av Kulturdepartementet sin handlingsplan skal det i 1998 opnast ein grunnversjon av "Kulturnett Norge", som ein felles innfallspurt til dei viktigaste kulturtilboda på Internett. Samtidig føreset handlingsplanen etablering av tilsvarende regionale og lokale kulturnett.

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune vedtok i januar 1998 at Kulturnett Hordaland skal etablerast, og organiserast som eit eige prosjekt. Fylkestinget løyvde i desember 1997 kr. 500.000 til "Vidareføring prosjekt IT/fylkesbibliotek" der det vert føresett at ein del av midlane skal gå til Biblioteknett Hordaland, og i tillegg vert stilt kr.100 000 til disposisjon frå fylkesplanen sitt samhandlingsprogram. Delprosjekt til Kulturnett Hordaland vil vere å etablere og utvikle basisnetta:

- Arkivnett Hordaland
- Biblioteknett Hordaland
- Museumsnett Hordaland
- Kulturnett for digitale kunstformer

Pr. årsskiftet 1997/98 har 30 av dei 34 kommunane i Hordaland Internett på folkebiblioteket. 15 har internetttilgang for publikum. Det må vere eit mål at alle folkebiblioteka "kjem på nettet", og kan bruke dei nye informasjonskanalane. Prosjektet "Folkebiblioteka som ytarar på Internett" (Ytar-prosjektet) hausten 1997 hadde som mål å få 11 av folkebiblioteka i Hordaland på nettet, med samlingskatalogar og heimesider. Dette er ein spire til eit biblioteknett, og kan utviklast vidare.

Nærare omtale av tiltaket:

Vidareføre "Ytar-prosjektet" med sikte på at det som er gjort kan danne basis for eit Biblioteknett Hordaland der alle biblioteka skal være både ytarar og brukarar.

Stikkord: Informasjons- og kunnskapsinnhenting/-yting, fjernlån, brukarkontakt, osv. Døme på innhald i biblioteknettet:

-det som no ligg ute på <http://hordaland.folkebibl.no> (Ytar-prosjektet),

- Nettbiblioteket - Bergen off. Bibliotek
- notemateriale ved Bergen off. Bibliotek si musikkksamling
- songtekstar om/frå Bergen og Hordaland
- Bergen kommune, avd., Skole ... "Klasserommet"
- bibliotektenester for næringslivet
- "Gudmundstad" - biblioteka i dei vidaregåande skulane
- biblioteka i grunnskulane i fylket
- universitets- og høgskulebibliotek
- peikarar til andre aktørar / anna stoff

Samarbeidspartar: Fylkeskommunen, kommunar og ymse fag- og forskingsbibliotek

Framdrift: 1998-2000

Kostnad: Fylkeskommunen: Kr 200.000 til Biblioteknett Hordaland

Finansiering: Fylkeskommunen og ev. statlege prosjektmidlar

STRUKTUR, SAMORDNING OG KOORDINERING **Tiltak 1.2**

Rettleiingsteneste for små fagbibliotek

Bakgrunn / føremål:

Små fagbibliotek som museumsbibliotek og bibliotek i ymse institusjonar, t.d. privatskular, organisasjonar, osb. er ofte einmannsbibliotek. Dei står overfor dei same krava til spesialiserte og kvalifiserte tenester som større fagbibliotek med tilgang til spesialkompetansen hjå egne tilsette.

Fylkesbiblioteket har fått ein del spørsmål frå små fagbibliotek om kurs/rettleiing - spesielt innan ny teknologi.

Nærare omtale av tiltaket:

Utgreie behovet for ei rettleiingsteneste for små fagbibliotek i private bedrifter og halvoffentlege institusjonar innan ny teknologi og andre bibliotekfaglege område.

Samarbeidspartar:

Aktuelle fagbibliotek, Norsk fagbibliotekforening (NFF) og næringslivsbibliotekaren i fylkeskommunen.

Framdrift: 1999

Kostnad: Kr 30.000

Finansiering: Fylkeskommunen

STRUKTUR, SAMORDNING OG KOORDINERING Tiltak 1.3**Interkommunal barnebibliotekar****Bakgrunn /føremål:**

Det er viktig at folke- og skulebiblioteka har eit nært og forpliktande samarbeid. Difor er dette nedfelt i Lov om folkebibliotek og i grunnskulelova. Innføring av Grunnskulereform 97 (Gr97) forsterkar endå meir behovet for eit samarbeid. Generelt er det mangel på bibliotekarar i Hordaland og det er stort behov for kompetanse innanfor dette spesialfeltet.

Nærare omtale av tiltaket:

Etablere ei prøveordning med ein interkommunal barnebibliotekar som skal samordne og koordinere barne- og skulebibliotekverksemda innanfor ein av regionane i Hordaland

Det kan vere aktuelt å setje i gang eit forprosjekt som dannar basis for ein søknad om midlar til forsøk og utvikling frå Statens bibliotektilsyn i 1999. Eit godt utgangspunkt for utval av kommunar, vil vere positive høyringsfråsegner til Plan for utvikling av bibliotektilbodet for barn og unge i Hordaland (temaplan 1998-2001).

Samarbeidspartar: Aktuelle kommunar og fylkeskommunen

Framdrift: 1998 (forprosjekt), 1999-2001

Kostnad: Forprosjekt kr 50.000, vidare kr 300.000 pr år

Finansiering: Delfinansiering mellom dei deltakande kommunane, fylkeskommunen og prosjektmidlar frå Statens bibliotektilsyn.

STYRKJE BIBLIOTEKKOMPETANSEN Tiltak 2.1

Bibliotek - og informasjonsutdanning på Vestlandet

Bakgrunn / føremål:

I vestlandsregionen er det stor mangel på utdanna bibliotekarar. Regionen har i dag ikkje eit einaste utdanningstilbod innan dette fagfeltet. Fylkesdelplan for bibliotek i Hordaland 1994-1997 vedtok derfor i tiltak 11 å setje i gang eit planarbeid for BDI-utdanning (Bibliotek - Dokumentasjon og Informasjon) i Bergen / Hordaland. Planarbeidet har resultert i eit strategidokument som skisserer kva faglege utfordringar som ligg i det fagfeltet som kan definerast som bibliotek- og informasjons-feltet og spesifiserer dei krava eit moderne samfunn har til dei profesjonelle aktørane på området. Dokumentet gjer og greie for kva spesifikke utdanningsbehov Vestlandet har innanfor fagfeltet. Det skisserer til slutt eit utdanningsopplegg som kan innpassast i anna utdanning på høgre nivå i høve til ein cand.mag.grad og hovudfag. Det er førebels eit ope spørsmål om kva utdanningsinstitusjon ei slik utdanning eventuelt bør knytast til.

Nærare omtale av tiltaket:

Etablere ei ny bibliotek- og informasjonsutdanning i Bergensområdet

Stikkord:

-Politisk handsaming av strategidokument om utdanning innan bibliotek- og informasjonsfeltet

-Strategidokument ut på høyring

-Vestlandskonferanse der spørsmålet om å etablere ei bibliotek-og informasjonsutdanning i regionen

vert sett på dagsorden

-Nødvendig vidare oppfølging frå interesserte utdanningsinstitusjonar i samarbeid med

bibliotekmiljøet

-Forprosjekt

Samarbeidspartar: Fylkeskommunen, ein eller fleire høgare utdanningsinstitusjonar i Hordaland, representantar frå det bibliotekfaglege miljøet og Høgskolen i Oslo - Bibliotek og informasjonsstudiene

Framdrift: 1998-2000

Kostnad: Kr 50.000,- pr. år i 2 år til forprosjekt, elles ikkje kostnadsrekna

Finansiering: Fylkeskommunen og utdanningsinstitusjon

STYRKJE BIBLIOTEKKOMPETANSEN Tiltak 2.2

Bibliotekopplæring i pedagogisk utdanning

Bakgrunn og føremål:

Dei store 90-talsreformane i utdanningssektoren legg opp til arbeidsmåtar og læringsprosessar som forsterkar biblioteka si rolle i det pedagogiske arbeidet. Bibliotektenesta vil vere eit sentralt verkemiddel til å realisere den nye pedagogikken. Dette føreset bibliotekfagleg innsikt og forståing hjå det pedagogiske personalet.

Nærare omtale av tiltaket:

Kartlegge behovet og arbeide for at høgare utdanningsinstitusjonar tek inn bibliotekkunnskap som obligatorisk del av pedagogisk utdanning.

Samarbeidspartar: Fylkeskommunen og høgare utdanningsinstitusjonar i Bergen og Hordaland

Framdrift: 1999-2000

Kostnad: Kr 30.000 (totalt)

Finansiering: Høgare utdanningsinstitusjonar i Bergen og Hordaland

STYRKJE BIBLIOTEKKOMPETANSEN tiltak 2.3

Bibliotekteneste til små- og mellomstore bedrifter - opplæring

Bakgrunn / føremål:

Spesielt bedrifter med små personalressursar kan ha store vanskar med å skaffe seg tilfredstillande oversikt og innsikt i informasjons- og dokumentasjonsmengda innan sine fagfelt. Bedriftene treng t.d. opplysningar om lover og reglar innan EØS-samarbeidet som gjeld deira fagområde, standardar, marknadsoversikter, korleis finne informasjon på Internett etc. Tenesteyting til næringslivet er ei oppgåve mange bibliotek står overfor. For å sikre kvaliteten på tenestene bør ein satse på kurs og opplæring både for bedriftene og bibliotek i nærmiljøet. Dette er ei oppgåve som kan knytast til næringslivsbibliotekaren i fylkeskommunen og den kompetansen som er opparbeid på Europakontoret /EDC vedkomande næringslivet sitt behov for EU/EØS/euroinformatjon. Det vil i tillegg vere

naturleg å samarbeide med fagbibliotek og fagmiljø i Hordaland som har spesialkompetanse på tenesteyting til næringslivet,

Nærare omtale av tiltaket:

Utvikle eit program/ ein kurspakke knytta til tenesteyting til små og mellomstore bedrifter (SMB).

Delkurs:

- Informasjonsøking / Internettkurs for SMB
- Dyktiggjere lokale folkebibliotek til å handtere førespurnader frå næringslivet i kommunane.

Samarbeidspartar: Fag- og folkebibliotek, bedrifter, tiltakskontor i kommunane og fylkeskommunen. (T.d. NELL-prosjektet, som skal fange opp utdanningsbehov og formidle dette vidare til kurstilbydarar).

Framdrift: 1998-1999

Kostnad: Kr 30.000. Betalingskurs.

Finansiering: Fylkeskommunen og ev. samarbeidspartar

STYRKJE BIBLIOTEKKOMPETANSEN Tiltak 2.4

Kvalitetssikring av skulebibliotekarbeid

Bakgrunn / føremål:

Fylkesbiblioteket utarbeidde hausten 1996 ei handbok i kvalitetsarbeid for små og mellomstore folkebibliotek som vart gjeven ut av Biblioteksentralen.

Positive tilbakemeldingar syner at handboka med modellar for korleis ein kan utføre forskjellige prosedyrar i bibliotek, kan vere med på å standardisere og heve kvaliteten på bibliotekenestene, tilpassa brukarane sine behov. Skulebibliotekmiljøet etterlyser no ei tilsvarande handbok. Fylkesbiblioteket ser det som naturleg at tiltaket må realiserast gjennom eit samarbeid mellom Biblioteksentralen og Nasjonalt læremiddelsenter. Det kan og vere aktuelt å realisere dette tiltaket sentralt, utan direkte medverknad frå fylkeskommunen.

Nærare omtale av tiltaket:

Lage ein skulebibliotekversjon av "Håndbok i kvalitetsarbeid for små og mellomstore folkebibliotek"

Samarbeidspartar:

Biblioteksentralen, Nasjonalt læremiddelsenter, Statens utdanningskontor, fylkeskommunen og ein eller fleire kommunar.

Framdrift: 1999-2000**Kostnad:** Kr 125.000 (totalt)**Finansiering:** Biblioteksentralen, Nasjonalt læremiddelsenter og ev. prosjektmidlar frå staten**BIBLIOTEKET SOM TENESTEYNTAR Tiltak 3.1****Marknads- og profileringskampanje****Bakgrunn / føremål:**

Biblioteket i 90-åra står overfor mange utfordringar. Tenesteutvikling, synleggjering og profilering er derfor viktig.

Aktuelle tema å fokusere på:

- Biblioteket som fleirkulturell møteplass - det fleirkulturelle biblioteket
- Aktivitatar retta mot etniske minoritetar/ fleirkulturelle målgrupper
- Bibliotek i livslang utdanning
- Bibliotek og IT
- Tilgjengelege bibliotek (lokale, opningtider, bemanning etc.)
- Tenester til næringslivet

Jamfør: Handlingsprogram 1998-2001 "Det fleirkulturelle Hordaland", høyringsutkast 1997.

Nærare omtale av tiltaket:

Utvikle og setje i verk ein større marknads- og profileringskampanje for biblioteka i Hordaland, i løpet av planperioden.

Samarbeidsnartar: Norsk bibliotekforening. avd. Hordaland. Norsk færbibliotekforening.

fylkeskommunen og kommunar.

Framdrift: 1998-1999

Kostnad: Kr 150.000 (totalt)

Finansiering: Kommunar og fylkeskommunen, NBF, avd. Hordaland og NFF, avd. Bergen

BIBLIOTEKET SOM TENESTEY TAR Tiltak 3.2

Biblioteknett - for næringslivet

Bakgrunn / føremål:

Med bakgrunn i spørsmål frå næringslivet veit vi at spesielt små bedrifter kan ha vanskar med å orientere seg i informasjonmengda og på eiga hand finne fram til det dei treng av aktuell informasjon. Ved å lage peikare frå t.d. NHO sine heimsider på Internett til aktuelle bibliotekdatabasar, kan ein gjere næringslivet merksame på denne tenesta. Biblioteka kan nytte nettverket sitt og kompetansen hjå dei biblioteka som allereie driv med høgt teknologiserte og spesialiserte informasjonssøk for denne brukargruppa.

Nærare omtale av tiltaket:

Lage oversikt over bibliotektenester til næringslivet på Internett som ein del av

Biblioteknett Hordaland.

Fylkesbiblioteket har hatt kontakt med NHO, avd. Hordaland som er svært interessert i å få til eit samarbeid.

Samarbeidspartar: Næringslivsbibliotekaren i fylkeskommunen, aktuelle fagbibliotek, NHO, avd. Hordaland, brukarar, kommunar og andre nyttige aktørar.

Framdrift: 1998-1999

Kostnad: Kr 50.000 (totalt)

Finansiering: Fylkeskommunen og ev. midlar frå samarbeidspartar

BIBLIOTEKET SOM TENESTEY TAR Tiltak 3.3

Referanseteneste for blinde og lesehemma

Bakgrunn / føremål:

Biblioteklova seier at folkebibliotektenestene skal vere for alle. I følgje Unesco Public Library Manifesto skal tenestene til lesehemma vere desentraliserte gjennom dei lokale folkebiblioteka.

Blinde og lesehemma i Hordaland som ikkje er i gang med høgare studium, har ikkje nokon referanseteneste som er tilpassa deira behov. Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek i Bergen har heller ikkje noko tilsvarende tilbod. Undersøkingar syner at det er eit stort behov for ei slik teneste i Hordaland.

Nærare omtale av tiltaket:

Arbeide for å få til/etablere ei referanseteneste for blinde, svaksynte og andre lesehemma i Hordaland.

Samarbeidspartar: Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek, fylkeskommunen og aktuelle kommunar

Framdrift: 1999-2000

Kostnad: Kr 100.000 (totalt)

Finansiering: Fylkeskommunen, kommunar og ev. prosjektmidlar frå staten

BIBLIOTEKET SOM TENESTEY TAR Tiltak 3.4**Bibliotektenester i helseinstitusjonar****Bakgrunn / føremål:**

I følgje Lov om folkebibliotek § 2 har fylkesbiblioteka ansvar for bibliotektenester for pasientar i fylkeskommunale helseinstitusjonar (Jf. Reglement for fylkesbibliotek - rettleiande retningliner, punkt 3). Til no er det ikkje gjort nok for at denne brukargruppa skal få eit tilpassa tilbod. Men som eit resultat av bibliotekplanen 1994-1997 sette fylkeskommunen i gang med ei sirkulasjonsordning av lydbøker til helseinstitusjonar i 1997.

I Helse- og sosialplan (sektorplan 1997-2010) under mål og strategiar, kap. 22 Støttefunksjonar står det: "Helse- og sosialavdelinga vil på initiativ frå Hordaland fylkesbibliotek bidra til å styrkje pasientbiblioteka". I løpet av prosessen med å revidere fylkesdelplanen for biblioteka vedtok helse- og sosialavdelinga i fylkeskommunen i 1997 å overføre kr 124.000 til edb-basert biblioteksvstem nå pasientbiblioteket ved Haukeland

sykehus.

Nærare omtale av tiltaket:

Samordne og utvikle bibliotektenester for pasientar i sjukehus og helseinstitusjonar i Hordaland.

Delprosjekt

- Utarbeide ein samla plan for bibliotektenester i helseinstitusjonar i Hordaland.
- Automatisering av pasientbiblioteket

Stikkord:

- Samordning
- Distriktsmodell for bibliotektenester
- Sirkulasjonsordningar - vidareføre og utvide lydbokprosjektet (prøving av behov)

Samarbeidspartar: Haukeland sykehus, pasientbiblioteket, fylkeskommunen ved fylkesbiblioteket og helse- og sosialavdelinga, aktuelle kommunar og andre sjukehus og helseinstitusjonar i fylket.

Framdrift: 1998-2001

Kostnad: Kr 124.000 (edb - pasientbiblioteket), kr 100.000 pr år i løn og kr 50.000 pr år i drift.

Finansiering: Fylkeskommunen

BIBLIOTEKET SOM TENESTEY TAR **Tiltak 3.5**

Avtale UBB og Hordaland fylkeskommune

- Det medisinske fakultetsbibliotek

Bakgrunn / føremål:

Dette var også eit tiltak i bibliotekplanen 1994-97, men er berre delvis iverksett.

Tenestene ved Det medisinske fakultetsbibliotek er svært ressurskrevjande, med m.a. utstrekt bruk av dyre databasar og krav til rask og kvalifisert dokumentasjon. Helsepersonell tilsett i fylkeskommunen nyttar også dette biblioteket for fagleg oppdatering. Særleg legar og

sjukepleiarar som er tilsette ved sjukehuset har behov for eit betre tilbod av tidsskrift innanfor dei kliniske faga. UBB har kome med utspel til Haukeland sykehus og fylkeskommunen med krav om å få dekkja dei reelle kostnadene. Saka er no igjen oversendt Haukeland sykehus. Det vert alt betalt kr 670.000 (1998) for desse tenestene. Det må vurderast ei overføring som er meir i samsvar med det reelle behovet.

Nærare omtale av tiltaket:

Få til ei avtale som sikrar at helsepersonell tilsett i Hordaland fylkeskommune får nytte Universitetsbiblioteket i Bergen (UBB) sitt medisinske bibliotek på Haukeland sykehus.

Bygge ut biblioteket sitt tenestetilbod til dei kliniske faga.

Samarbeidspartar: UBB, Haukeland sykehus og fylkeskommunen.

Framdrift: 1999

Kostnad: Kr 300.000

Finansiering: Fylkeskommunen

ATTRAKTIV MØTEPLASS Tiltak 4.1

IT-møteplass

Bakgrunn / føremål:

Det er eit viktig prinsipp at alle som bur i Noreg skal ha fritt tilgjenge til informasjon. Biblioteka har ein desentraliserte struktur. Dei skal etter biblioteklova ha eit tilbod til alle. Biblioteka bør derfor tilby brukarane opplæring i IT-baserte informasjonssøk og på den måten verke som ein utjamnande faktor i kunnskapsamfunnet. Biblioteket vil på denne måten fornye rolla si som folkeopplysnings-institusjon og leggje større vekt på opplæring, rettleing, kjeldekritikk og kvalitetskontroll enn tidlegare.

Nærare omtale av tiltaket:

Setje i gang eitt eller fleire pilotprosjekt med biblioteket som IT-møteplass

Stikkord:

-for ulike aldersgrupper

-for minoritetsgrupper

-Internett - opplæring og verkstad

Jfr. Handlingsprogram for "Det fleirkulturelle Hordaland", tiltak 2.4: Tilskotsordning til fleirkulturelle møteplassar.

Samarbeidspartar: Fylkeskommunen og utvalde kommunar

Framdrift: 1998-1999

Kostnad: kr150.000 (totalt)

Finansiering: Fylkeskommunen, kommunar og prosjektmidlar frå staten

ATTRAKTIV MØTEPLASS Tiltak 4.2

Det fleirkulturelle biblioteket

Bakgrunn / føremål:

I løpet av dei siste ti-åra har Noreg utvikla seg til å bli eit fleirkulturelt samfunn, og biblioteka står overfor nye utfordringar. I følgje Statistisk sentralbyrå har 72 % (1996) av innvandrarane vore på bibliotek. Dette er ein mykje høgare prosent enn kva som gjeld resten av befolkninga. Det er ei viktig oppgåve for bibliotek å sikre eit konstruktivt samspel mellom nasjonale og internasjonale kulturytringar. På det viset kan biblioteket både vere eit effektivt verkemiddel til å sikre eit fleirkulturelt mangfald og røtene til den felles nasjonale kulturarven.

Nærare omtale av tiltaket:

Lage eit interkommunalt prøveprosjekt der innvandrargruppene vert trekt inn som aktive medspelarar i utvikling av tenestetilbod og møteplassfunksjon på biblioteka.

(Jfr. "Det fleirkulturelle Hordaland", tiltak i handlingsprogram 1998-2001, høyringsutkast, 1997) Ein kan t.d. profilere på regionalt samarbeid.

Samarbeidspartar: Kommunar i Hordaland, fylkeskommunen og ulike organisasjonar.

Framdrift: 1999-2000

Kostnad: Kr 50.000 i 1999 og kr 100.000 i 2000

Finansiering: Fylkeskommunen og utvalde kommunar

Skjønnlitteraturen - kunnskaps- og inspirasjonskjelde

Bakgrunn / føremål:

I ei tid der kulturimpulsane er mange og ofte overflatiske, er det vesentleg å oppretthalde eit kulturtilbod som gir høve til ro, innsikt og oppleving. Skjønnlitteraturen gir viktige innspel i samfunnsdebatten og er viktig for folk si forståing av samtida. Lesing av norsk og omsett litteratur gir utsyn og perspektiv og er med på å auke kompetansen i samfunnet. Verdidebatten som no er initiert av den norske regjeringa vil kunne aktualisere skjønnlitteraturen som kunnskaps- og inspirasjonskjelde.

Nærare omtale av tiltaket:

Setje i gang prosjekt der ein brukar skjønnlitteraturen som utgangspunkt og inspirasjonskjelde til å diskutere verdispørsmål.

Vi tenkjer oss eit interkommunalt samarbeid. Det kan vere møteseriar, der fagfolk innan skjønnlitteratur, forfattarar og andre aktuelle personar held foredrag og innbyr til diskusjon.

Aktuelle tema kan vere:

- nordisk litteratur
- nye europeiske forfattarar
- litteratur frå andre kulturar

Samarbeidspartar: Ein eller fleire kommunar, fylkeskommunen, Norsk forfattersentrum

- Vestlandsavd., UiB og andre fagmiljø.

Framdrift: 1998-1999

Kostnad: Kr 100.000 (totalt)

Finansiering: Kommunar, Norsk forfattersentrum -Vestlandsavd. og fylkeskommunen.

Livslang læring

Bakgrunn / føremål:

Prosjektet "Folkebiblioteket som utdanningsbibliotek" (1994-96) var ei oppfølging av tiltak i fylkesdelplanen for bibliotek 1994-97. Hordaland deltek no i eit nytt stort prosjekt "Brukartilpassa opplæring for vaksne" (1997-98). Delprosjektet i Hordaland heiter "Nettverk for livslang læring" (NELL), og har delt prosjektleiing mellom fylkesopplæringsdirektøren og fylkesbiblioteket. Prosjektet "Nettverk for livslang læring i Hordaland" arbeider m.a. med folkebiblioteka som ein nøytral arena for vidare- og etterutdanning for vaksne, - for brukarar og tilbydarar av utdanning. Biblioteka skal utviklast til å bli eit støttenettverk for studentane, med m.a. fysisk tilrettelegging av studieplassar i lokalmiljøet, utvikling av spesialsamlingar til studentane, tilgang til møterom, studierom etc.

NELL-prosjektet omfattar to regionale nettverk, Nordhordland og Odda-regionen. I alt 11 kommunar

er med. Prosjektet samarbeider nært med "Ytar-prosjektet" jfr. Strategi 1, tiltak 1 om Biblioteknett Hordaland. Det er eit mål å utvikle utdanningsdatabasen i NELL-prosjektet til å dekkje alle kommunane i fylket. NELL-prosjektet kan også knytast til tiltak 2.3 om kurs/bibliotektenester til små og mellomstore bedrifter.

Tiltaket kunne vore plassert fleire stader i bibliotekplanen, m.a. under kompetanseheving eller som eit utdanningstiltak. Men vi plasserer det under biblioteket som møteplass for ulike interesser, ein studiestad så nær brukaren som mogleg. I Buer-utvalet sin rapport (NOU 1997:25 Ny kompetanse) er folkebiblioteka tiltenkte nye og forsterka roller i "livslang læring". Folkebiblioteka skal vere lokale samlingsstader for etter- og vidareutdanning i lokalmiljøet, og blir kalla "kommunikasjonssentralar for vaksne".

I Hordaland fylkesbibliotek si fråsegn til Buer-utvalet sin rapport står det:

"... For at biblioteka skal bli knutepunkt i "livslang læring" må ei opprusting til. Opningstidene må aukast, og der bør vere heile biblioteksjefstillingar i alle kommunar. Då vil ein kanskje også få kvalifisert / utdanna personale. Det trengst dersom biblioteka skal ha ei rolle i opplæring i bruk av informasjonsteknologi og vere forankringspunkt for folk som tek etter- og vidareutdanning. ..."

Jfr. elles Strategi 4 i Strategisk næringsplan for Hordaland: "Optimalisere kompetanseutviklinga for næringslivet", prosjekt 4.5 "Nettverk for livslang læring".

Nærare omtale av tiltaket:

Etablere bibliotektilbod tilpassa "livslang læring" på alle folkebiblioteka i Hordaland.

Aktuelle stikkord: - Opplæring (til bibliotekpersonale som rådgjevarar for vaksne som søker ny kompetanse) - Samarbeid -Koordinering - Tilgjenge

Samarbeidspartar: Fylkeskommunen, kommunar og studieorganisasjonar

Framdrift: 1999-2001

Kostnad: Kr 300.000 pr år

Finansiering: KUF, KAD, fylkeskommunen, kommunar og regionale samarbeidspartar

ATTRAKTIV MØTEPLASS Tiltak 4.5

"Kom lat oss finne ein skatt"

Bakgrunn / føremål:

Temaplan for utvikling av bibliotektilbod for barn og unge i Hordaland er laga som eitt av fleire oppfølgjingstiltak til Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 1994-1997, særleg av tiltak som gjekk på opplæringsprogram for etterutdanning, skulebibliotek i leiaropplæringsprogram for skulen og litteraturformidling med spesiell vekt på barn og ungdom. I høyringsnotatet til fylkesdelplan for biblioteka vart det etterlyst ei sterkare vektlegging på kulturformidlingsarbeidet. Tiltak på tre område peikar seg ut: Kompetanseheving, kvalitetssikring, litteraturformidling.

Nærare omtale av tiltaket:

Med utgangspunkt i "Temaplan 1998-2001 : plan for utvikling av bibliotektilbodet for barn og unge i Hordaland" setje i gang prosjekt som stimulerer til nytenking og utvikling av bibliotektilbod retta mot denne målgruppa.

Delprosjekt:

-Etablere ei koordinerande gruppe som skal arbeide med oppfølging av tiltaka i temaplanen

-Setje i gang forsøk med bruk av bokbussar i litteraturformidlingsarbeidet

(Jfr. tiltak 17 i temaplanen for barn og unge)

-Setje i gang forsøk med kommunal "bibliotekskule" for barn og unge

(Jfr. dei kommunale musikkskulane, kunstskulane, idrettsskulane etc.)

Stikkord:

- Fast tilbod der ein set opp program for kva deltakarane skal gå igjennom i løpet av eit halvår

- Programpakke: T. d.: Litteraturformidling, lesing, bruk av ny teknologi (databasar, Internett,

e-post, cd-rom etc.), brukaropplæring i bibliotekbruk, møte med forfattarar, skriveverkstad.

- Ein fast dag i veka, påmelding, deltakarbetaling (jfr. kunstskuleordninga i fleire kommunar)

-Skipe til eit kurs i formidling av litteratur til barn med utgangspunkt i barnelitteraturen frå

Vestlandet

-Initiere eit interkommunalt litteraturformidlingsprosjekt som eit samarbeidstiltak mellom skule- og

biblioteksektor med utgangspunkt i barnelitteratur som anten er laga av vestlandsforfattarar, eller

har andre tilknytingspunkt til Vestlandet.

Grunngjeving: Det er viktig at barn tidleg får øvd opp teiknforståing og lærer dei kommunikasjonskodane som er knytte til dei forskjellige media. Lesing av skjønnlitteratur gir trening i språkforståing og utfordrar lesarane til medoppleving. Når dette tiltaket set søkelyset mot vestlandsforfattarar, er det med utgangspunkt i Gr 97 som legg vekt på å bruke lokalt stoff og lokalmiljøet som læringsarena. Lesing av vestnorsk barnelitteratur vil styrkje barna sin identitet og gi dei del i den kulturen dei høyrer heime i.

Samarbeidspartar: Fylkeskommunen, kommunar, Bergen off. bibliotek, Høgskolen i Bergen, Universitetet i Bergen, Norsk bibliotekforening (NBF), avd. Hordaland og Norsk forfattersentrum

- Vestlandsavd.

Framdrift: 1998-2001

Kostnad: Kr 50.000 for 1998, deretter kr 100.000 pr år.

Finansiering: Fylkeskommunen, Norsk forf.sentrum, NBF, kommunar og prosjektmidlar frå staten.

PEDAGOGISK MEDSPELAR Tiltak 5.1

Fylkeskonferanse om skulebibliotek

Bakgrunn / føremål:

Dette tiltaket er ei oppfølging av Temaplan 1998-2001: Plan for utvikling av bibliotektilbodet for barn og unge i Hordaland, (høyringsutkast 1997). Det må og sjåast i lys av føreseonene i lovverket som seier at det skal vere eit samarbeid mellom folke- og

skulebiblioteka.

Nærare omtale av tiltaket:

Ta initiativ til at det annakvart år vert organisert ein felles fylkeskonferanse om skulebibliotek.

Den første konferansen skal skipast til i 1999.

Samarbeidspartar: Statens utdanningskontor, fylkeskommunen, Nasjonalt læremiddelsenter og eventuelle vertskommunar.

Framdrift: 1999 og 2001

Kostnad: Kr 50.000 pr år

Finansiering: Delt finansiering mellom tilskiparane

PEDAGOGISK MEDSPELAR **Tiltak 5.2**

Problembasert læring - skulebibliotek

Bakgrunn / føremål:

Dei store reformene R94 og Gr97 inneber ein pedagogikk som føreset at elevane vert meir aktive og reflekterte i høve til eigen læringsprosess og legg opp til tema- og prosjektarbeid med aukande kompleksitet og omfang på dei ulike årssteg opp gjennom heile skuleløpet.

For å realisere denne pedagogikken er biblioteka uunnverlege verkemiddel, og brukaropplæring er ein naudsynt og viktig del av opplæringa til sjølvstendig læring.

Nærare omtale av tiltaket:

Setje i verk minst to parallelle avgrensa forsøk med problembaserte arbeidsmåtar knytta opp til skulebibliotek, eitt i grunnskulen og eitt i vidaregåande opplæring.

I forsøket bør også inngå at skulebiblioteket vert eit område for skulebasert vurdering.

Samarbeidspartar: Statens utdanningskontor, aktuelle kommunar, opplæringsavdelinga og fylkesbiblioteket i fylkeskommunen

Framdrift: 1999

Kostnad: Kr 120.000

Finansiering: Delt finansiering mellom samarbeidspartane

PEDAGOGISK MEDSPELAR Tiltak 5.3

Brukaropplæring

Bakgrunn / føremål:

Temaplan 1998-2001: Plan for utvikling av bibliotektilbodet for barn og unge i Hordaland, (høyringsutkast 1997) har sett opp eit slikt prosjekt (tiltak 8).

Viser elles til tiltak 5.2: Problembasert læring - skulebibliotek

Nærare omtale av tiltaket:

Utvikle og iverksetje eit prosjekt der fleire skular saman prøvar ut opplegg for brukaropplæring på alle trinn i skuleverket.

T.d. kan ein danne ei gruppe som jobbar parallelt med opplegg på to skular, der ein legg vekt på å vurdere kva verknad bruken av bibliotek har på elevresultata. Ein tenkjer oss å dra nytte av sentralt utarbeidd materiale, samt eit gjennomgåande opplæringsprogram som er under utarbeiding i nordhordlandsbiblioteka. (Jfr. tiltak 8 i temaplan 1998-2001 for barn og unge)

Samarbeidspartar: Ein eller fleire kommunar og fylkeskommunen.

Framdrift: 1999-2000

Kostnad: Kr 100.000 pr år

Finansiering: Fylkeskommunen, kommunar og prosjektmidlar får SB

PEDAGOGISK MEDSPELAR Tiltak 5.4

Bibliotektenester i vidaregåande opplæring - nettverksbygging

Bakgrunn / føremål:

Sidan 1991 har Hordaland fylkesbibliotek hatt eit nært samarbeid med opplæringsavdelinga i fylkeskommunen om bibliotekutvikling i den vidaregåande skulen. Det er gjennomført 4 kurs med 5 vekttalskompetanse for utdanningspersonale på 50 skular. Dei siste tok eksamen i februar 1997. Fylkesbiblioteket har stått for kursopplegg og undervisning. Frå å vere heilt på botnen i landssamanheng, er Hordaland no blitt eit fylke som andre tek kontakt med når det gjeld bibliotekutvikling i den vidaregåande skulen. Enno er det eit stort utviklingspotensiale og ein må setje inn krafttak på tre område som må utviklast vidare: Tidsressurs, kompetanse og samlingar. Oppgradering av skulebibliotektenesta i den vidaregåande skulen er eit godt døme på eit vellukka tverrfagleg samarbeid i fylkesadministrasjonen.

Fylkesbiblioteket og opplæringsavdelinga vil halde fram med å samarbeide om vidareutvikling av tenesta. I høyringsutkastet for Opplæringsplan 1996-2008, sendt ut av opplæringsavdelinga, er det framlegg om 50% stilling for biblioteka innan år 2001. På skular med meir enn 450 elevar skal det bli 100% stilling. Alle skular skal ha 100% skulebibliotekarstilling innan år 2008.

Nærare omtale av tiltaket:

Vidareutvikle nettverket for biblioteka i vidaregåande opplæring ved å

- etablere ei sentral rådgevarteneste knytt til eitt av biblioteka
- formalisere samarbeidet mellom fylkesbiblioteket og opplæringsavdelinga i ein avtale
- skipe til kurs og konferansar for bibliotekansvarlege på skulane

Avtalen vil byggje på det samarbeidet som har vore og på den tilråding om satsingsområdet "skulebibliotek" slik det kjem fram i "Opplæringsplan 1996-2008, Vidaregåande opplæring" Hordaland fylkeskommune 1997 punkt 8.2. (Jamfør også §10 i Lov om folkebibliotek)

Samarbeidspartar: Opplæringsavdelinga og fylkesbiblioteket i fylkeskommunen

Framdrift: 1998-2001(2008)

Kostnad: 1999-2001: Kr 75.000 pr år til rådgevarteneste

Finansiering: Fylkeskommunen

PEDAGOGISK MEDSPELAR Tiltak 5.5

"Bibliotekpedagogikk"

Bakgrunn / føremål:

Det vert stadig fokusert på spørsmålet om korleis biblioteka maktar å kvalitetssikre møtet mellom bibliotek og brukar, og i kva grad brukarane vert nøgde og får innfridd ønska sine. Det er derfor ei viktig utfordring for dei som arbeider i bibliotek å møte brukarane med ei open og profesjonell haldning og syte for at formidlinga av dei tenestene biblioteka kan tilby, skjer innafør eit godt tilrettelagt miljø. Ulike brukargrupper kjem med forskjellige tenestebehov. Det er nødvendig at bibliotekarane får opplæring i å møte ulike brukarar slik at dei kan kommunisere innafør ein felles kode som begge partar kan tolke. Det er også viktig at bibliotekarane kan takle eit møte med ei større brukargruppe for å fortelje dei kva kunnskaps- og informasjonsressursar biblioteket rår over, og dessutan lære dei å finne fram i biblioteket på eiga hand. "Brukaropplæring" er stikkord i denne samanheng.

I møte med elevar, studentar, undervisningspersonale og forskarar på alle nivå er det dessutan viktig for biblioteket og bibliotekarane å vere på innsida av den pedagogiske verda dei arbeider i. Biblioteket må og vere ein aktiv og profesjonell medspelar i ulike metodiske opplegg som til dømes oppgåver knytta til problembasert læring og framfinning av relevant kunnskapsstoff ved utvikling av digitale læremiddel. Alle dei utfordringane og oppgåvene som er skisserte her føreset pedagogisk skoloring. Dette bør vere ei skoloring med biblioteket som utgangspunkt. Difor trengst eit spesielt utdanningstilbod på dette feltet med fokus på pedagogiske arbeidsmåtar og didaktiske utfordringar i bibliotek. Eit slikt tilbod kan både vere del av ei grunnutdanning for bibliotekarar, og det kan vere eit etterutdanningstilbod. Det kan og vere eit tilbod knytta til ei pedagogisk utdanning.

Nærare omtale av tiltaket:

Initiere eit forskings- og utviklingsprosjekt som har til mål å lage ein ny pedagogisk disiplin, kalla "bibliotekpedagogikk"

Arbeidet skal basere seg på pedagogisk teori, men og på forskning om tilhøvet mellom bibliotek og brukar og på biblioteket sitt særpreg, oppgåver og rolle som folkeopplysningsinstitusjon.

Tiltaket bør sjåast i samanheng med tiltak 2.1 Bibliotek- og informasjonsutdanning på Vestlandet.

Samarbeidspartar:: Bibliotekforskningsprogrammet (Norges forskningsråd), fylkeskommunen og ein utdanningsinstitusjon

Framdrift: 1998-1999

Kostnad: Kr 100.000 (totalt)

Finansiering: Bibliotekforskningsprogrammet og fylkeskommunen

Internasjonaliserings- og utvekslingsprogram

Bakgrunn / føremål:

Det var eit liknande tiltak i bibliotekplanen 1994-1997, som berre delvis vart iverksett.

I vårt internasjonaliserte samfunn er utveksling av erfaring, kompetanse og kjennskap til andre land og kulturar av stor verdi. Det er stor interesse i bibliotekmiljøet for å få til ei fagleg utvekslingsordning mellom bibliotekarar i Hordaland og venskapsfylka og evt. andre land. Det er og behov for å kartleggje dei kontaktane og nettverka som allereie er etablerte. Hordaland fylkeskommune sine venskapsfylke er: Orknøyane, Bas Normandie, South Glamorgan/Cardiff o.a.

Nærare omtale av tiltaket:

Lage eit internasjonaliserings- og utvekslingsprogram med vektlegging på følgjande punkt:

- Etablere ei utvekslingsordning for bibliotekarar frå fag- og folkebibliotek i Hordaland og venskapsfylka, evt. andre land. Stikkord: Erfaringsutveksling, bibliotekssamarbeid, studieturar.
- Synleggjere og kartleggje etablerte internasjonale kontaktar og nettverk som kan vere til nytte for

biblioteka i Hordaland.

Samarbeidspartar: Ulike bibliotek, fylkeskommunen, venskapsfylka og andre aktuelle samarbeidspartar

Framdrift: 1999

Kostnad: Kr 50.000

Finansiering: Delt finansiering mellom samarbeidspartane

HORDALAND PÅ KARTET Tiltak 6.2

Nasjonal bibliotekkonferanse

Bakgrunn / føremål:

Sist Hordaland fylkeskommune var vert for ein nasjonal bibliotekkonferanse var i 1994 med tema fjernlån. Vi ønskjer å få til ein nasjonal konferanse som kan vere inspirasjonskjelde og knutenpunkt for bibliotekmiljøet. Vi vil med dette også markere Hordaland som eit rikt og

mangfaldig bibliotekfylke.

Nærare omtale av tiltaket:

Ein nasjonal bibliotekkonferanse skal leggest til Hordaland i planperioden.

Vi tenkjer oss ein felleskonferanse for alle bibliotektypar.

Aktuelle tema:

- Biblioteksplanlegging som nettverksbygging
- Internasjonalisering/det fleirkulturelle Noreg
- Bibliotek - møteplass for verdiar

Samarbeidspartar: Ulike bibliotek, bibliotekorganisasjonar og fylkeskommunen.

Framdrift: 1999

Kostnad: Kr 100.000

Finansiering: Delfinansiering mellom tilskiparane, deltakarbetaling

4.4 Tiltak - samla oversyn

| Nr | Tiltak | Ansvarleg: Hordaland fylkeskommune i samarbeid med: | Kostnad/ finansiering i 1000 kr | Framdrift | | | |
|-----|---|--|---|-----------|-------|-------|-------|
| | | | | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 |
| 1.1 | Biblioteknett Hordaland | Aktuelle fag- og forskningsbibliotek og kommunar | 1998-2000: 200 Fylkeskommunen ev. statlege midlar | _____ | _____ | _____ | |
| 1.2 | Rettleiingsteneste for små fagbibliotek | Aktuelle fagbibliotek og NFF | 30 Fylkeskommunen | | _____ | | |
| 1.3 | Interkommunal barnebibliotekar | Deltakande kommunar | 1998: 50 (forprosjekt) | _____ | _____ | _____ | _____ |

| | | | | | | | |
|-----|--|---|---|---|---|---|---|
| | | | Fylkeskommunen 1999-2001: 300 pr år Fylkeskommunen, kommunar og ev. SB | | | | |
| 2.1 | Bibliotek- og informasjons-utdanning på Vestlandet | Ein eller fleire høgare utdanningsinstitusjonar i Bergen/Hordaland og repr. frå bibl.fag. miljø | 50 pr år i to år til forprosjekt Fylkeskommunen og utdanningsinstitusjon | — | — | — | |
| 2.2 | Bibliotekopp- læring i pedago- gisk utdanning | Ein eller fleire høgare utdanningsinstitusjonar i Bergen/Hordaland | 30 Høgare utdannings- institusjonar i Bergen | | — | — | |
| 2.3 | Bibliotekteneste SMB - opplæring | Fagbibliotek, kommunar og bedrifter | 30 Fylkeskommunen og ev. samarbeispartar Betalingskurs | — | — | | |
| 2.4 | Kvalitetssikring av skulebibliotek | BS, Nasjonalt læremiddelsenter, SU og ein eller fleire kommunar. | 125 BS, Nasjonalt læremiddel- senter og ev. prosjekt- midlar frå staten | | — | — | |
| 3.1 | Marknads- og profilerings- kampanje | NBF, NFF og kommunar | 150 Fylkekommunen, kommunar, NBF og NFF | — | — | | |
| 3.2 | Biblioteknett for næringslivet | EDC, NHO, aktuelle fagbibliotek og brukarar | 50 Fylkeskommunen og ev. midlar frå samarb. part. | — | — | | |
| 3.3 | Referanseteneste for blinde og lesehemma | Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek og kommunar | 100 Fylkeskommunen, kommunar og ev. prosjektmidlar frå staten | | — | — | |
| 3.4 | Bibliotekteneste i helseinstitusjonar | Haukeland sykehus, pasientbiblioteket og kommunar | 1998: 124 (pasientbibl.) 100 pr år i løn 50 pr år i drift Fylkeskommunen | — | — | — | — |

| Nr | Tiltak | Ansvarleg: Hordaland fylkeskommune i samarbeid med: | Kostnad/ finansiering i 1000 kr | Framdrift | | | |
|-----|---|---|---|-----------|------|------|------|
| | | | | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 |
| 3.5 | Avtale UBB-fylkeskommunen om medisinsk bibl. | UBB og Haukeland sykehus | 300 Fylkeskommunen | | — | | |
| 4.1 | IT-møteplass | Utvalde kommunar | 150 Fylkeskommunen, kommunar og prosjektmidlar frå staten | — | — | | |
| 4.2 | Det fleirkulturelle biblioteket | Utvalde kommunar og organisasjonar | 1999: 50, 2000: 100 Fylkeskommunen og utvalde kommunar | | — | — | |
| 4.3 | Skjønnlitteraturen - kunnskaps- og inspirasjonskjelde | Aktuelle kommunar, Norsk forfattersentrum, ev. UiB og andre | 100 Fylkeskommunen, Norsk forfatters. og kommunar | — | — | | |
| 4.4 | Livslang læring | Kommunar og studieorganisasjonar | 300 pr år Fylkeskommunen, KUF, KAD, regionale samarb. part. og kommunar | | — | — | — |
| 4.5 | "Kom lat oss finne ein skatt" | Kommunar, BOB, HiB, UiB, NBF og Norsk forfattersentrum | 1998: 50 1999-2001: 100 pr år Fylkeskomm., kommunar, NBF, Norsk forf.sentr., og ev. prosj.midlar frå staten | — | — | — | — |
| 5.1 | Fylkeskonferanse om skulebibliotek | SU, NLS og ev. vertskommunar | 50 pr år Delt mellom tilskiparane | | — | | — |
| 5.2 | Problembasert læring - skulebibliotek | SU, aktuelle kommunar og opplæringsavdelinga i fylkeskommunen | 120 Delt mellom samarbeidspartane | | — | | |

| | | | | | | | |
|-----|--|--|--|---|---|---|---|
| 5.3 | Brukaropp- læringsprogram | Kommunar | 100 pr år Fylkeskommunen, kommunar og ev. prosjektmidlar frå staten | | — | — | |
| 5.4 | Bibliotektenester i vidaregåande opplæring - nettverksbygging | Fylkeskommunalt tiltak | 1999-2001: 75 pr år Fylkeskommunen | — | — | — | — |
| 5.5 | "Bibliotekpeda- gogikk" | Ein utdanningsinstitusjon og Bibliotekforsknings- programmet | 100 Bibliotekforskningspr. og Fylkeskommunen | — | — | | |
| 6.1 | Internasjonalise- rings- og utveks- lingsprogram | Ulike bibliotek, venskapsfylka og andre aktuelle samarbeidspart. | 50 Delt mellom samarbeids-partane. | | — | | |
| 6.2 | Nasjonal bibliotek- konferanse | Ulike bibliotek, kommunar og bibliotek- organisasjonar | 100 Delt mellom samarbeids-partane + deltakarbetaling | | — | | |

VEDLEGG 1 DELTAKARAR I PLANPROSESSEN

Deltakarar i prosessgruppa

| | | |
|---|--|---|
| Dammen, Bente | Einen, Marit | Eintveit, Åslaug Lundal |
| Osterøy folkeboksamling | Fylkesbiblioteket Hordaland fylkeskommune | Komité for kultur og helse Hordaland fylkeskommune |
| Eriksen, Arne | Flaten, Trine Kolderup | Gjermundnes, Synnøve |
| Helse og sosialavdelinga Hordaland fylkeskommune | Bergen off. Bibliotek | Høgskolen i Bergen Biblioteket - Landås |
| Garnes, Kari | Glasser, Liv | Gundersen, Lise/Haaland, Marianne |
| Universitetsbiblioteket i Bergen | UBB-EDC (European Documentation Centre) | Fylkesopplæringsdirektøren Hordaland fylkeskommune |
| Hafstad, Sissel | Hauge, Jostein Helland | Haugland, Guri Teien |

| | | |
|--|---|--|
| Norges Handelshøyskole Biblioteket | Universitetet i Bergen | Læremiddelsamlinga (OT/PPT) Hordaland fylkeskommune |
| Haugstvedt, Asbjørn Komité for kultur og helse Hordaland fylkeskommune | Hernes, Brynjulv Fylkesutvalet/Komm. sentralforbund | Irgens, Kaya/Monsen, Ingvild Høgskolen i Bergen |
| Jørgensen, Ole Kristian Komité for kultur og helse Hordaland fylkeskommune | Jåstad, Bjørg Fylkesbibl./Opplæringsavd. Hordaland fylkeskommune | Kvarekvål, Sigrid Fylkesbiblioteket Hordaland fylkeskommune |
| Lothe, Eli/Sætre Tove Pemmer Fylkesbiblioteket Hordaland fylkeskommune | Løkling, Gunn Magny Statoil - Biblioteket | Mostrau, Eva Fylkesbiblioteket Hordaland fylkeskommune |
| Nysæter, Egil Fylkesarkivet Hordaland fylkeskommune | Rødseth, Marit Fylkesplanseksjonen Hordaland fylkeskommune | Sjøwall, Knut Komité for kultur og helse Hordaland fylkeskommune |
| Skiftesvik, Kari Hop Norsk bibliotekforening avd. Hordaland | Skjøndal, Else Norsk fagbibliotekforening avd. Bergen | Sperrevik, Hilde Chr. Michelsens institutt Biblioteket |
| Øvrebø, Inger Marie Pasientbiblioteket Haukeland sykehus | Øydvin, Jørgen Komité for kultur og helse Hordaland fylkeskommune | Aase, Magnhild Norges Handelshøyskole Biblioteket |

Deltakarar i arbeidsutvalet

| | | |
|--|--|---|
| Eintveit, Åslaug Komité for kultur og helse Hordaland fylkeskommune | Garnes, Kari Universitetsbiblioteket i Bergen | Gundersen, Lise/Haaland, Marianne Fylkesopplæringsdirektøren Hordaland fylkeskommune |
| Haugstvedt, Asbjørn Komité for kultur og helse Hordaland fylkeskommune | Irgens, Kaya/ Monsen, Ingvild Høgskolen i Bergen | Jørgensen, Ole Kristian Komité for kultur og helse Hordaland fylkeskommune |
| Sjøwall, Knut Komité for kultur og helse | Lothe, Eli/Sætre, Tove Pemmer | Øydvin, Jørgen (saksordfører) Hordaland fylkeskommune |

| | | |
|-------------------------|---|-------------------------|
| Hordaland fylkeskommune | Fylkesbiblioteket Hordaland fylkeskommune | Hordaland fylkeskommune |
|-------------------------|---|-------------------------|

Hordaland fylkesbibliotek - Sekretariat

Lothe, Eli (leiar 1997)

Sætre, Tove Pemmer (leiar 1998)

Einen, Marit (koordinator)

Mostraum, Eva

Jåstad, Bjørg

Kvarekvål, Sigrid

Grimelund, Cathrine

VEDLEGG 2 LITTERATURLISTE

Bibliotek i Norge : for kunnskap, kultur og informasjon. (NOU 1991:14)

Bibliotekarieutbildingen i framtiden : sluttrapport från gruppen för översyn av bibliotekarieutbildingen. (UHÄ-rapport 1991:17)

Biblioteken och framtiden : framtidsdebatten i nordisk bibliotekspress. Gøteborg : Bibliotekhögskolan, 1992.

Biblioteken och framtiden : bok 2. Gøteborg : Bibliotekhögskolan, 1992.

Broen og den blå hesten. Handlingsplan for styrking av dei estetiske faga og kulturdimensjonen i grunnskolen. Oslo : Kulturdepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, 1995.

Ekstern evaluering av den faglige virksomheten ved Høgskolen i Oslo, bibliotek- og informasjonsstudiene : rapport. Oslo 1997.

Fiasko eller triumf : håndbok i kvalitetsarbeid for små og mellomstore folkebibliotek. Oslo : Biblioteksentralen, 1996.

"Det fleirkulturelle Hordaland" : høyringsutkast. Handlingsprogram 1998-2001. Bergen : Hordaland fylkeskommune, 1997.

Förnyad bibliotekarieutbildning : en fakta- och idéskrift. (UHÄ-rapport 1991:1)

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 1994-1997 : "midt i spenningsfeltet". Bergen : Hordaland fylkeskommune, 1993. (Vedteken i Hordaland fylkesting 14.6.94 og godkjend i Miljøverndep. 7.2.95)

Fylkesplanmelding 1997. Fylkesplanen 1996-1999. Bergen : Hordaland fylkeskommune, 1997.

Helse- og sosialplan : mål og strategiar. Sektorplan 1997-2010. Bergen : Hordaland fylkeskommune, 1996.

Information and library management 2000+. Newcastle . Department of Information and Library Management, 1997.

Innvandrere i Norge : hvem er de, hva gjør de og hvordan lever de?. Oslo : Statistisk sentralbyrå, 1997.

IT i norsk utdanning : plan for 1996-99. Oslo : KUF, 1995.

Kultur i tiden. (St.meld. nr 61 (1991-92)).

Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr 108 (bibliotekloven) : med forskrifter og veiledende retningslinjer og instruks for Statens bibliotektilsyn. Oslo : Statens bibliotektilsyn, 1997.

Lov om grunnskolen av 13. juni 1969 nr 24 (grunnskoleloven). (Med endringer, sist datert 19. juni 1997, lov nr 83).

Lov om universiteter og høyskoler. Lov og rett i Norges-nett. (NOU 1993:24)

Lov om universiteter og høyskoler av 12. mai 1995 nr 22. (Med endringer, sist datert 19. juni 1997, lov nr 84)

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen. (L97). Oslo : Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996.

Museum : mangfold, minne, møtestad. (NOU 1996:7)

Norsk tidsskrift for bibliotekforskning, nr 10, 1997 (Temanummer om IT og Internett i forskning og formidling).

Ny kompetanse : grunnlaget for en helhetlig etter- og videreutdanningspolitikk. ("Buerutvalget") (NOU 1997:25).

Ny lovgivning om opplæring : " ... og for øvrig kan man gjøre som man vil". (NOU 1995:18)

Om organisering og styring i utdanningssektoren. (St.meld. nr. 37 (1990-91))

Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). (Ot prp nr 36 (1996-97))

Opphavsrettslige problemstillinger knyttet til bruk av elektroniske medier : innstilling fra utvalg oppnevnt av Riksbibliotekjenesten etter anmodning fra Kirke,- utdannings- og forskningsdepartementet. Oslo : RBT, 1995. (Skrifter fra Riksbibliotekjenesten ; nr. 66)

Opplæring i et flerkulturelt Norge. (NOU 1995:12)

Plan for utvikling av bibliotektilbudet for barn og unge i Hordaland : "kom lat oss finne ein skatt". Temaplan 1998-2001. Bergen : Hordaland fylkeskommune, 1997.

Revision of the UNESCO public library manifesto '72 / IFLA, Section of Public Libraries. Guimarães : Bibliomèdia, [1993].

Samhandlingsprogrammet 1997 : del 2. Fylkesplanen 1996-1999. Bergen : Hordaland fylkeskommune, 1997.

Skape, bevare, formidle : handlingsplan for IT på kulturområdet 1998-2001. Oslo : Kulturdepartementet, 1997.

Skolebibliotek i grunnskolen : - en kartlegging. Oslo : Nasjonalt læremiddelsenter, 1997.

Strategisk næringsplan for Hordaland. Handlingsprogrammet 1996. Bergen : Hordaland fylkeskommune, [1996?].

Strategisk næringsplan for Hordaland. Strategisk næringsplan 1996-2000. Bergen : Hordaland fylkeskommune, 1997.

Tornholm, Liv. Informasjon til regionalt næringsliv i Norge : databasesøk og bibliotekjenester. Oslo : RBT, 1994. (Skrifter fra Riksbibliotekjenesten ; nr. 64)

"Tid for kultur". Fylkesdelplan for kultur 1996-2003. Bergen : Hordaland fylkeskommune, 1997.

Universitets- og høyskolebibliotek : - en del av læringsmiljøet. Av Grethe Eidslott m.fl.

Oslo : RBT, 1995. (Skrifter fra RBT/Riksbibliotekjenesten ; nr 74)

Vestheim, Geir. Folkebibliotek i forvandling. Oslo : Samlaget, 1992.

Vestheim, Geir. Kulturpolitikk i det moderne Norge. Oslo : Samlaget, 1995 .

Vidaregåande opplæring : høyringsutkast - open høyring. Opplæringsplan 1996-2008. Bergen : Hordaland fylkeskommune, 1997.

VEDLEGG 3 FORKORTINGAR

BOB Bergen offentlige Bibliotek

BS Biblioteksentralen

EDC European Documentation Centre (UBB)
Gr97 Grunnskolereformen 1997
HiB Høgskolen i Bergen
HIB Høyteknologisenteret i Bergen
KAD Kommunal- og administrasjonsdepartementet
KD Kommunaldepartementet
KUF Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
L97 Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen
NBF Norsk bibliotekforening
NFF Norsk fagbibliotekforening
NHO Norges Handelshøyskole
NLS Nasjonalt læremiddelsenter
NOU Norges offentlige utredninger
OT/PPT Oppfølgingstenesta/Pedagogisk psykologisk teneste
R94 Reform 94
RU Hordaland fylkeskommune, Regional utvikling
SB Statens bibliotektilsyn
SMB Små og mellomstore bedrifter
SU Statens utdanningskontor
UBB Universitetsbiblioteket i Bergen
UiB Universitetet i Bergen